

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
003/19	Levekårsutvalet	PS	12.02.2019
	Kommunestyret	PS	
005/19	Ungdomsrådet	PS	06.02.2019
003/19	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	11.02.2019
007/19	Formannskapet	PS	14.02.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Eileen M Feste	17/1525

## Rullering av handlingsplan for Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024 - ny behandling

### Vedlegg :

Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024

## Rådmannen sitt framlegg til vedtak

### Kommunestyret vedtek følgjande justeringar i Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024, handlingsplan

- Punktet om årleg støtte til administrativ stilling i Lindås idrettsråd vert tatt ut då det pr i dag ikkje er ønskje frå idrettsrådet om å delta i finansiering av ein slik stilling.
- Tiltaket om årleg samhandlingskonferanse for idrett, oppvekst, Salto, Frivilligsentral, ungdomsklubber m fl har ikkje vore gjennomført. Samhandling mellom dei ulike aktørane må avklarast som del av organiseringa av Alver kommune. Rådmann sitt framlegg er at denne oppgåva vert overført Alver kommune
- Det er ikkje avsett midlar til å møte eventuelle nye miljøkrav knytt til kunstgrasbaner med gummigranulat. Saka teke opp i samband med økonomiplan våren 2019.
- Avsnitt 10 langtidsprogram – pkt 8, «11ar kunstgras Alversund», endres til «...val av plassering vert gjort i ny kommunedelplan for Knarvik-Alversund»
- Seim skyttarlag sitt prosjekt 15 m innandørs miniatyrbane på Lona skytebane vert tatt inn som nytt punkt 5 i handlingsprogrammet. Skyttarlaget har planlagt oppstart for byggjearbeidet hausten 2019.S

Søknad om spelemidlar er sendt med atterhald om at prosjektet vert tatt inn i handlingsprogrammet i rulleringa av idrettsplanen. Eventuelt kommunalt tilskot til prosjektet vert å koma attende til i arbeid med økonomiplanen

.....

### **Ungdomsrådet - 005/19**

#### **UR - behandling:**

#### **UR - vedtak:**

Ungdomsrådet har ingen merknad.

### **Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - 003/19**

#### **RMNF - behandling:**

Orientering til saka v/Eileen Feste-Kst. einingsleiar Kultur

Ingen merknader.

#### **RMNF - vedtak:**

Ingen merknader.

### **Levekårsutvalet - 003/19**

#### **LE - behandling:**

Orientering til saka v/Eileen Feste-Kst. Kultursjef:

#### **Framlegg frå Ø. Moldeklev-Frp:**

Saka vert utsett i samråd med Idrettsrådets ønskjer, ref brev frå leiar Maren K. S. Svendsen 13.02.2019. «Lindås Idrettsråd kan ikkje sjå at rulleringa av idrettsplanen er sendt ut i god tid slik at lag og klubbar i Lindås kommune som er underliggande organisasjonar av Lindås Idrettsråd har fått moglegheiter til å gje innspel/endingar til planen».

Framlegget fekk 1 røyst og fall (Ø. Moldeklev-Frp)

## **Framlegg frå A. Hetlebakke-Krf:**

Rådmannen sitt framlegg med endring i siste setning: "..vert å koma attende til i samband med handsaminga av 1. kvartalsrapport".

Framlegget vart samrøystes vedteke

## **LE - vedtak:**

### **Uttale i Levekårsutvalet - 12.02.2019:**

Kommunestyret vedtek følgjande justeringar i Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024, handlingsplan

- Punktet om årleg støtte til administrativ stilling i Lindås idrettsråd vert tatt ut då det pr i dag ikkje er ønskje frå idrettsrådet om å delta i finansiering av ein slik stilling.
- Tiltaket om årleg samhandlingskonferanse for idrett, oppvekst, Salto, Frivilligsentral, ungdomsklubber m fl har ikkje vore gjennomført. Samhandling mellom dei ulike aktørane må avklarast som del av organiseringa av Alver kommune. Rådmann sitt framlegg er at denne oppgåva vert overført Alver kommune
- Det er ikkje avsett midlar til å møte eventuelle nye miljøkrav knytt til kunstgrasbaner med gummigranulat. Saka teke opp i samband med økonomiplan våren 2019.
- Avsnitt 10 langtidsprogram – pkt 8, «11ar kunstgras Alversund», endres til «...val av plassering vert gjort i ny kommunedelplan for Knarvik-Alversund»
- Seim skyttarlag sitt prosjekt 15 m innandørs miniatyrbane på Lona skytebane vert tatt inn som nytt punkt 5 i handlingsprogrammet. Skyttarlaget har planlagt oppstart for byggjearbeidet hausten 2019.S

Søknad om spelemidlar er sendt med atterhald om at prosjektet vert tatt inn i handlingsprogrammet i rulleringa av idrettsplanen. Eventuelt kommunalt tilskot til prosjektet vert å koma attende til i i samband med handsaminga av 1. kvartalsrapport.

## **Saksopplysningar:**

### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i Levekårsutvalet.

Saka skal til innstilling i Formannskapet

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

## **Bakgrunn**

Saka var til behandling i sak sak 058/18 «*Rullering av handlingsplan fpr Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024*», men vart utsett til neste møte grunna ubesvarte spørsmål.

### **LE - 058/18 UTTALE: Uttale i Levekårsutvalet - 20.11.2018:**

*Rullering av kommunedelplan blir utsett til neste møte i Levekårsutvalet grunna ubesvarte spørsmål.*

Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv 2016-2024 vart vedteken i kommunestyret 27. oktober 2016. Regelverket krev at anlegg ein ønskjer å søkja spelemidlar for, skal vera med i handlingsprogrammet i Kommunedelplan for idrett, aktivitet og friluftsliv. Handlingsprogrammet i planen må difor rullerast ein gong årleg.

Lindås ungdomsråd har hatt saka til behandling.

14.11.2018 UNGDOMSRÅDET Orientering v/Robert Lorang Hansen

UR - 039/18 UTTALE: Ingen merknader.

Lindås idrettsråd fekk saka til behandling 14.01.19. I ei sms 28.01.19 skriv leiar; «*Det er godkjent av LIR*».

## **Vurdering**

### **9C Handlingsprogram aktivitetar**

#### **9C, pkt 5: Støtte administrativ stilling Lindås idrettsråd (s. 32 i planen)**

Punkt om årleg støtte på kr 25.000 til administrativ stilling for Lindås Idrettsråd. Dette gjeld dekking av inntil 50% av kostnadane av ei stilling knytt til idrettsrådet.

**Forslag:** Punktet om årleg støtte til administrativ stilling i Lindås idrettsråd vert tatt ut då det pr i dag ikkje er ønskje frå idrettsrådet om å delta i finansiering av ein slik stilling.

**Pkt 9C - pkt 7 Årleg intern samhandlingskonferanse idrett, oppvekst,**

**Salto,  
Frivilligsentral, Ungdomsklubb m.fl. (s. 32 i planen)**

**Forslag:** Tiltaket om årleg samhandlingskonferanse for idrett, oppvekst, Salto, Frivilligsentral, ungdomsklubber m fl har ikkje vore gjennomført. Foreslår at det utgår. Samhandling mellom dei ulike aktørane må avklarast som del av organiseringa av Alver kommune.

**9D Handlingsprogram anlegg**

**NYTT PKT**

**Pkt 9D – pkt 5 Lona skytebane, 15 m miniatyr innandørsbane**

Lona skytebane, 15 m miniatyr innandørsbane. Kostnad 6,9 millionar, byggjestart 2019, spelemidlar 1,8 millionar.

Anleggseigar/utbygger: Seim Skyttarlag.

Rådmannen føreslår at Seim skyttarlag sitt prosjekt 15 m innandørs miniatyrbane på Lona skytebane vert tatt inn som nytt punkt 5 i handlingsprogrammet. Skyttarlaget har planlagt oppstart for byggjearbeidet hausten 2019.

**10. Landtidsprogram**

**Avsnitt 10 langtidsprogram, pkt 8 - 11ar kunst Alversund (s. 35 i planen)**

Setninga under merknadar «plasserast nær ny skule» vert tatt ut og erstatta med «val av plassering vert gjort i ny kommunedelplan for Knarvik-Alversund»

**Forslag:** Avsnitt 10 langtidsprogram – pkt 8, «11ar kunstgras Alversund», vert endra til

«...val av plassering vert gjort i ny kommunedelplan for Knarvik-Alversund.»

**Miljøkrav knytt til gummigranulat i kunstgrasbaner**

Det har dei siste to åra vore stor fokus på miljøutfordringar knytt til kunstgrasbaner. Det er ikkje sett av midlar i Lindås til å møta eventuelle krav i 2019. Det føreligg per i dag ingen konkrete krav frå styresmaktene til Lindås kommune. Rådmannen føreslår at saka vert tatt opp i økonomiplanarbeidet våren 2019.

.....